

3. plass

Fridom, kultur og førstegongsteneste

Eg som er ei norsk jente på 18 år har kjent meg relativt fri, heilt til i dag. Eg vart nemleg innkalla til sesjon i militæret. Eit år av livet mitt skal gå til noko eg absolutt ikkje vil gjere. Noreg i dag er eit veldig fritt land, men kva er egentleg fridom? Og kan eg seie at eg ikkje kjenner meg fri utan å virke egoistisk? På 1700-talet i opplysingstida var fridom, fornuft og framsteg sentrale omgrep. Omgrepet menneskerettar spreidde seg, og i tillegg vart det stort fokus på trusfridom, ytringsfridom og handelsfridom.

Den franske filosofen Jean-Jacques Rousseau meinte kultur gjer eit menneske ufritt, at det er mennesket frå naturen si side som gjer det fritt. På slutten av 1700-tallet inspirerte dette mange, dei vart inspirert til å bryte med det originale, leve livet meir sjølvstendig med fokus på individet. Eg er litt ueinig i Jean-Jacques Rousseau sin påstand, at kultur gjer eit menneske ufritt. Det er meir komplisert enn som så. Eg meiner det kjem heilt an på kor ein kjem frå, og kor mykje kulturen påverkar livet. Som nordmann kjenner eg ikkje at den norske kulturen påverkar meg i nokon særleg grad, anna enn at eg blir tvungen med på ein skitur i påsken, med appelsin og kvikklunsj som nistemat. Dette gjer likevel ikkje at eg mistar fridomskjensla mi. Eg trur også at dei fleste nordmenn er stolte av kulturen deira, og er stolte av å vere norsk. Så for meg påverkar ikkje den norske kulturen meg slik at han gjer livet mitt ufritt, derimot kjenner eg meg friare når eg veit korleis ein del andre menneska i verda blir påverka i høg grad av kulturen deira.

Da eg byrja å skriva denne oppgåva las eg meg litt opp på barneekteskap, eg fann ut at hovudgrunnen til barneekteskap er fattigdom og kultur. I Malawi blir 40% av alle jenter gifta bort før dei fyller 18. Dette er store tal, og det hindrar så mange unge jenter til å vere fri og oppnå draumane sine. Dei mistar retten til å gjere kva dei vil, gå

på skulen, velje partner, dei mistar til og med retten til å seie nei. Eg kan ikkje førestilla meg og bli putta i den situasjonen. Er eg da egoistisk som klagar på 1 år med førstegongsteneste?

Her er eg og klagar på førstegongsteneste, når menn i Ukraina blir dratt opp frå sofakroken for å kjempa i ein krig dei ikkje vil ha. Dei har ikkje nok fridom til å seie; nei dette vil eg ikkje. Live deira blir sett på pause, og dei må kjempa for livet. Alt detta på grunn av ein mann med alt for mykje makt og pengar har valt å angripa eit uskuldig land. Ein mann med sitt ønske tar ikkje berre bort fridommen til Ukrainarane, men fridommen til innbyggjarane i Russland også. Nyheitene i Russland er nemleg farga, ikkje alle Russarane veit at det er krig eingong. Og viss ein prøver å seie ifrå, og bruke ytringsfridommen, blir ein hardt straffa. Eg tenker at fjernar ein stemma til ein person kan ein ikkje kalle det eit fritt menneske. Utan rett til å ytra si eiga meining så er ein ikkje fri, det er som om alle «forbodne» tankar og meiningar blir låste inne i ein boks, og til slutt vil alle enda opp som robotar med same programvare. Eg tenker at mistar ein ytringsfridommen mistar ein kreativiteten og deretter stoppar utviklinga i eit samfunn. Tenk på Sokrates som vart drepe på grunn av spørsmåla han stilte og meiningane han hadde. Hadde ikkje filosofane kjempa imot og spreidd bodskapane sine vidare, ville nok ikkje verda komme like langt som ho er i dag.

Sjølv om det er fleire år sia opplysningstida, der fridom vart sentralt har vi ikkje komme så langt som ein skulle tru. Det er framleis slaveri, krig, barneekteskap, forskjellar mellom kjønn og mangel på ytringsfridom som gjer at vi er langt unna ei verd kor alle er heilt frie. Kanskje er det umogleg å oppnå? Kanskje er vi menneske for egoistiske, som meg? Kven veit? Eller har vi rett og slett gått i ein sirkel, er vi tilbake i opplysningstida? Fridom, fornuft og framsteg er vorte kjempesentrale omgrep den siste tida. Har vi verkeleg enda opp der vi starta? Blir krigen mellom Russland og Ukraina den nye syvårskrigen?